Melding til forsikringsselskap

Arbeidsgjevar si plikt

Hordaland Fylkeskommune brukar forsikringsmeklar Aon Grieg for å sikre gode avtaler til ei kvar tid. For tida er det IF som er forsikringsselskapet vårt når det gjeld personskader. Dei skal ha melding når:

- Den sjukemelde har utlegg som NAV ikkje dekker
- Skaden kan føre til varige mèn eller tap av arbeidsevne
- Den skadde blir sjukemeld og ikkje får full lønn under sjukemeldinga

Skade/ sjukdom skal meldast på eige skjema, som finst i Personalhandboka under pensjon og forsikrings- ordningar, innan eit år etter at skaden er skjedd eller utredning er sett i gang (sjukdom).

Det er ein god regel å sende melding til forsikringsselskapet samstundes som det vert sendt melding til NAV.

Treng du meir informasjon eller hjelp til å melde frå om nokon du har vært utsett for?

Ta kontakt med:
Organisasjonsavdelinga/
HMT- seksjonen

HMT- seksjonen
Tlf.: 55 23 94 30
Fax: 55 23 94 29
e-post: hmt@post.hfk.no
www.hordaland.no/hmt

Som arbeidstakar er det viktig å hugse at det er **deg** det går ut over dersom melding om skade/ sjukdom ikkje blir sendt. Du veit at melding er når du får kopi av meldeskjema. Det er og alltid den skadde som får tilbake-melding frå NAV og forsikrings-selskap.

…så hjelp arbeidsgivar og deg sjølv ved å passe på at melderutinane vert følgd.

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Når ulykka er ute…

INFORMASJON OM SKADEMELDING TIL TILSETTE I HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Yrkesskadar og yrkessjukdommar

NAV sine definisjonar:

- **Yrkessjukdommar er -** ”sykdommer etter påvirkning av løsemidler, finfordelt støv, forgiftninger eller andre kjemiske påvirkninger og allergiske hud- og lungesykdommer”.
- **Yrkesskader er –** ”legemsskade eller sykdom som er forårsaket av arbeidsulykke.”

Det er ikkje alltid at det du har vært utsett for passar inn i ein av desse kategoriane. Då er det ein god regel å melde for mykje heller enn for lite. **Til dømes bør slag/ dunk/ skader mot hovudet og/eller nakke ALLTID meldast.**

Utover dette kan den einskilde arbeidsplass utvide meldeplikta. Veit du kva som SKAL meldast på din arbeidsplass?

Både arbeidsgivar og forsikring har behov for meir informasjon enn det NAV krev. Skadar på veg til og frå arbeid vert tildømes godkjent som yrkesskade hos forsikringsselskap, men ikkje hos NAV.

Melding til arbeidsgjevar

Arbeidstakar si plikt

Som arbeidstakar skal du, så snart du er i stand til det, vende deg til personal-leiaren din med informasjon om kva du har vært utsett for.

Kven gjer kva?

Den skadde:

- Melder så snart som mogleg frå til næraste leiar på skademeldings-/ avviksskjema

Kollega:

- Hjelper den skadde
- Informerer næraste leiar dersom den skadde ikkje sjølv er i stand til det.

Arbeidsgjevar:

- Følgjer opp den skadde etter IA- rutinar / interne rutinar
- Melder frå til NAV
- Melder frå til forsikringsselskap
- Kontaktar evnt. politi/ arbeidstilsyn
- Legg hendinga fram til handsaming i AMU (AML §7.2-4+5)
- Sett i verk tiltak for å hindre gjentaking
- Sender årsrapport til HAMU

Melding til NAV

Arbeidsgjevar si plikt

Etter trygdelova har arbeidsgivar plikt til å gje melding om yrkesskade og yrkessjukdom til NAV. Dersom arbeidsgjevar ikkje melder frå, kan og bør arbeidstakar gjere dette sjølv. Ved usemje er det arbeidstakar som avgjer om melding skal sendast.

NAV skal ha melding innan 3 dagar etter skade/ diagnose, eller så snart som råd.

”Alle skadar eller yrkessjukdommer som gjer det naudsynt med medisinsk behandling eller fører til arbeidsutførleik, SKAL meldast.”
(utdrag frå NAV sitt meldingsskjema)

HUGS:
Det er betre å melde for mykje enn for lite.